


Ei rettigheitsbasert analyse av registrering av DNA-profiler i sporregisteret

Kandidatnummer: 142

Antall ord: 13 343



JUS399 Masteroppgave/JUS398 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

[31.05.2015]

Innhald	
1.0 Introduksjon	4
2.0 Metode	6
3.0 Grunnleggjande omsyn: Den materielle sannings prinsipp og rettstryggleik	10
4.0 Retten til privatliv	11
4.1 Innleiing	11
4.2 Kva er ein sporprofil?.....	11
4.3 Er registrering av ein sporprofil i sporregisteret eitt «inngrep»?	12
4.3.1 Heimelsgrunnlaget for vernet av privatlivet. Rettigheitsvernet gjeld bestemte personar	12
4.3.2 Er registrering av ein sporprofil eitt inngrep mot ein bestemt person?	13
4.4 Er inngrepet legitimert?.....	15
4.4.1 Opnar Grl. § 102 for inngrep?	15
4.4.2 Lovskravet	16
4.4.3 Føremålskravet	16
4.4.4 Krav om forholdsmessigheit: utgongspunktet.....	16
4.4.5 Krav om forholdsmessigheit: Nedre grense?.....	18
4.5 Er sikringsplikta oppfylt?	21
4.5.1 Law in action 1: Bruk av referanseprøvar	21
4.5.2 Law in action 2: Utnytting av spormateriale, kva moglegheitar finst?	25
4.5.3 Heimelsspørsmål	26
4.5.4 Føremåls og forholdsmessigheitsvurdering.....	28
4.6 Konklusjonar	29
5.0 Retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering.....	30
5.1 Introduksjon	30
5.2 Law in books: Er lagring av profilar frå den skuldige eitt inngrep i retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering?	32
5.3 Law in action: Åstadsundersøkinga i eitt likehandsamingsperspektiv.....	33
5.4 Referanseprøvar: Er staten si sikringsplikt oppfylt når det gjeld å hindre usakleg forskjellshandsaming og diskriminering?	36
5.5 Konklusjonar	37
6.0 Avsluttande merknadar.....	38
Litteraturliste	39
Bøker	39
Artiklar	39
Offentlege dokument	39

1.0 Introduksjon

Registrering av DNA-profiler i sporregisteret har tradisjonelt ikkje vorte sett på som noko rettighetsinngrep. I denne oppgåva vert dette tradisjonelle utgongspunktet problematisert gjennom ei analyse av sporprofilens funksjon i strafferettspleien. Oppgåva stiller spørsmål ved om reglane for registrering av DNA-profiler i sporregisteret og bruken av spormateriale står i eitt konfliktfylt forhold til retten til privatliv og retten til likehandsaming.

Heimelen for oppretting av sporregisteret finst i lov 28 mai 2010 nr. 16 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten (politiregisterloven) § 12, første avsnitt. I sporregisteret kan det registrerast opplysningar om ein person med ukjend identitet når «opplysningene antas å ha tilknytning til uoppklart straffesak», jf politiregisterloven § 12, fjerde avsnitt. Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at terskelen for lagring av opplysningar er låg.

Profilane som er registrert i sporregisteret er gjensidig søkbare med etterforskinsregisteret og identitetsregisteret, jf forskrift 20 september nr. 1097 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten (politiregisterforskriften) § 45-8, første avsnitt. I dei nevnte register er det registrert DNA-profiler med kjend identitet. Eitt eventuelt treff mellom desse registra kan då gje sporprofilen ein identitet, og dermed knytte ein person til ein åstad der det er gjort eitt brotsverk.

Når det gjeld lagring av profilar i identitetsregisteret gjeld ein heilt anna terskel enn lagring i sporregisteret. Ein identitetsprofil kan hovudsakleg berre lagrast dersom personen profilen tilhøyrer har gjort seg skuldig i brotsverk som kan medføre tap av fridom, og det ligg føre rettskraftig dom for dette, jf politiregisterloven § 12, andre avsnitt nr. 1. Årsaka til den høge terskelen er at profilane har ein tilknytta identitet, og omsynet til personvern gjer seg dermed sterkt gjeldande.

I 2008 vart moglegheita til å registrere DNA-profiler utvida ved det som vert kalla DNA-reformen. Tidlegare låg det berre føre heimel til å lagre DNA-profiler for dei aller mest alvorlege formene for kriminalitet. Ein måtte være dømt for brot på straffeloven kap. 14, 19, 22 eller 25 eller forsøk på slikt brotsverk, jf den tidlegare versjonen av lov 22 mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven eller strpl.) § 160a. Ynskjet var å effektivisere etterforskinga og auke sannsynet for oppklaring av straffesakar, no og for mindre alvorlege typar kriminalitet. Erfaringar frå Storbritannia gav forventningar om ei vesentleg auke i oppklaringsprosenten¹. Etter

¹ NOU 2005: 19 Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien s 48

DNA-reformen vart registreringsheimelen berre nytta for brotsverk som gav fengselsstraff i meir enn seksti dagar, etter retningslinjer frå Riksadvokaten². Heimelen skal no nyttast fullt.³ Utvidinga av registreringsheimelen og bruken av heimelen gjer emnet særleg aktuelt å drøfte.

Menneskerettslege utfordringar ved lagring i identitetsregisteret har vore drøfta utførleg, mellom anna i forarbeida til lov om DNA-register til bruk i strafferettspleia. Lagring i sporregisteret vert imidlertid sett på som uprøblematisk, og hovudgrunngjevinga for dette er at det ikkje vert rekna som eitt inngrep mot ein bestemt person, jf NOU 1993: 31 s 32-33 og Ot.prp.nr.55 (1994-1995) s 12.

Som nevnt over vil lagring av DNA-profiler vert drøfta i høve til retten til privatliv og retten til likehandsaming/vernet mot diskriminering. Lagring av DNA-profiler i sporregisteret kan og være prøblematisk når det gjeld uskuldspresumsjonen, som no følgjer av Grunnlova § 96, andre avsnitt og EMK art. 6 nr. 2. Av omsyn til plass i oppgåva vil dette ikkje verte drøfta. Emnet er dessutan drøfta når det gjeld lagring av identitetsprofiler i artikkelen «A rights-based analysis of DNA-retention: «Non-conviction» databases and the liberal state» av Liz Campbell.⁴

² Riksadvokatens rundskriv av 15 august 2008 Nye retningslinjer for registrering i DNA-registeret og innsamling av spor med sikte på DNA-analyse mv., RA-2007-569

³ Riksadvokatens rundskriv av 17 oktober 2013 Retningslinjer for registrering i DNA identitetsregisteret, RA-2012-2261

⁴ Liz Campbell «A rights-based analysis of DNA-retention: «Non-conviction» databases and the liberal state» Criminal Law Review 2010: 12 s 889-905

2.0 Metode

I denne delen skal det greiast ut om rettskjeldebiletet for oppgåva og kva utfordringar dette gjer. Det vil verte foretatt ei analyse av det gjeldande rettskjeldematerialet på området.

Rettskjeldematerialet er noko sparsomt. Det lyt takast utgongspunkt i dei gjeldande lovheimlar, og forarbeida deira. Dei viktigaste vil være forarbeida til utvidinga av DNA-lovgjevinga NOU 2005: 19 og Ot.prp.nr.19 (2006-2007) og dessutan i nokon grad forarbeida til den første heimelen for oppretting av eit DNA-register, NOU 1993:31 «DNA-analyser i straffesaker».

Utvalet foreslo i 2005 at endringane burde skje gjennom ei eiga lov.⁵ Endringane vart imidlertid inntatt i straffeprosessloven og forskrift 28 juni 1985 nr. 1679 om ordningen av påtalemyndigheten (påtaleinstruksen eller på.). Dei aktuelle heimlane er no vidareført i politiregisterloven og politiregisterforskriften, jf Ot.prp.nr. 108 (2008-2009) s 299.

Det finst og noko litteratur om emnet som vil verte nytta i oppgåva. Ragna Aarli har skrive om rettstryggleiksutfordringar knytt til bruk av DNA-bevis innan strafferetten.⁶ Asbjørn Strandbakken har skrive om lovverket rundt DNA-bevis.⁷ Det er dessutan gjort samfunnsvitskapleg forskning om emnet.⁸ I 2013 vart det utført ei evaluering av DNA-reformen av forskingsavdelinga ved Politihøgskolen på oppdrag frå Politidirektoratet.⁹ Resultat frå denne undersøkinga danner grunnlaget for nokre av dei rettslege spørsmåla seinare i oppgåva. Evalueringa såg på DNA-bevis knytt til vinningsbrotsverk og valdtektsakar. Det er berre resultata frå delen som omhandlar vinningsbrotsverk som vil verte brukt i denne oppgåva.

At det vert trekt inn samfunnsvitskapleg forsking om korleis regelverket fungerer i praksis inneber at det ikkje berre vert drøfta kva som er gjeldande rett («law in books»), men at det og vert retta eitt kritisk blikk mot korleis reglane fungerer i praksis («law in action»).¹⁰ Analysen av «law in action» er viktig for å problematisere rettigheitsvernet og kan koplast saman med staten si sikringsplikt etter

⁵ NOU 2005: 19 Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien s 48

⁶ Ragna Aarli *DNA-bevis - Rettsmedisinsk sakkyndighet ved bruk av DNA-sakkyndighet i kampen mot kriminalitet* Oslo 2011 og «Gjenåpning og DNA» *Tidsskrift for strafferett* 2011-4 s 343-348

⁷ Asbjørn Strandbakken «DNA-lovgivningen i støpeskjeen – eller. Om å innføre svenske tilstander i Norge» i *Josefs resa: Vänbok til Josef Zila*, Uppsala 2007 s 195-209 og «Innhenting av DNA-bevis – helliger målet ethvert middel?» i *Jurist uden omsvøb: festskrift til Gorm Toftegaard Nielsen* Annette Møller-Sørensen og Anette Storgaard København 2007 s 337-354

⁸ Johanne Yttri Dahl *DNA – det sikreste av det sikre eller...? En sosiologisk studie av usikkerheter knyttet til bruk av DNA i strafferettspleien* Doktoravhandlinger ved NTNU 2009:211

⁹ Ibid s 14

¹⁰ Asbjørn Kjønstad og Aslak Syse *Velferdsrett I* 4 utg, Oslo 2008, s 98

EMK artikkel 8. Dersom fungerande rett krenkjer grunnleggjande menneskerettar, vil ikkje den positive sikringsplikta være oppfylt.

Det vil måtte foretas ei analyse av om dei gjeldande lovheimlar samsvarer med Noreg sine menneskerettslege plikter etter Kongeriket Noregs Grunnlov (Grl.) § 98 og 102 og Europarådets konvensjon 4. november 1950 om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter (EMK) art. 8 og 14, gjort til norsk lov gjennom lov 21 mai 1999 nr.30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven eller mnskrl.) § 3. Det finst tre avgjerder frå den europeiske menneskerettsdomsstol (EMD), ein dom og to beslutningar, som omhandlar lagring av DNA-profiler (identitetsprofiler).¹¹ Den mest sentrale er storkammeravgjerda S. and Marper vs. Storbritannia.

Ei metodisk utfordring er at Stortinget den 27 mai 2014 vedtok to nye versjonar av Grunnlova, ein på bokmål og ein på nynorsk. I desse versjonane er og fleire av det som vert rekna som dei sentrale menneskerettane grunnlovsfesta i kap. E.

Føremålet var å styrke menneskerettane si stilling i nasjonal rett. Rettigheitsvernet i den tidlegare Grunnlova gav ikkje eitt dekkjande bilet av dei grunnleggjande rettar individet har i Noreg i dag. Ei samanlikning av menneskerettslova, dei internasjonale menneskerettskonvensjonane og andre lands konstitusjonar viste at fleire av dei sentrale menneskerettane ikkje lot seg uteie av Grunnlova.¹²

Ein av meiningane med oppdateringa var å gjere den alminnelege lesar i stand til å danne seg eitt bilet av det sentrale rettigheitsvern som den enkelte i Noreg nyt godt av. Dermed vert Grunnlova meir aktuell og betre rusta til å møte dagens og morgondagens behov og utfordringar.¹³

Retten til privatliv og retten til likehandsaming/ikkje-diskrimineringsprinsippet som det vert fokusert mest på i denne oppgåva, vart av utvalet sett på som så sentrale og grunnleggjande at dei burde grunnlovsfestast.¹⁴

¹¹ S. and Marper v. United Kingdom EMDs storkammeravgjerd 4 desember 2008 (30562/04 og 30566/04), W. v. The Netherlands, EMDs dom 20 januar 2009 (20689/08) og van der Welden v. The Netherlands, EMDs dom 7 desember 2006, (29514/05).

¹² Dok.nr.16 (2011-2012) *Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven* s 13

¹³ Ibid s 49

¹⁴ Ibid s 62

Grunnlova er lex superior og har formell trinnhøgd over menneskerettsloven og dermed EMK.

Føresegner i EMK skal imidlertid gå framfor norsk lov ved motstrid, jf msnkrl § 3.

Gjennomslagskrafta til menneskerettane i Noreg var dermed stor allereie før grunnlovfestinga.

Utfordringa i denne oppgåva vert då at det finst ein dobbel heimel på trinnhøgt nivå, og spørsmålet vert korleis heimlane skal tolkast i høve til kvarandre.

Formelt sett er det Högsterett som legg premissane for tolking av Grunnlova og menneskerettsføreseggnene i Noreg. EMD har sist ord ved tolkinga av rettane som vert utleidd av konvensjonen. Domstolen er likevel ikkje ein fjerdeinstans overordna Högsterett. Högsterett vil likevel måtte tolke menneskerettane i samsvar med praksis frå EMD for å unngå at Noreg vert dømt for brot på menneskerettane i EMD.

Spørsmålet vert då korleis heimlane skal tolkast i høve til kvarandre. Etter den nye Grl. § 92 skal Noreg «respektere og tryggje menneskerettane slik dei er fastsette i denne grunnlova og i traktatar om menneskerettar som er bindande for Noreg». Grunnlova og EMK vert etter ordlyden tilsynelatande likestilt. Dersom ein ser til forarbeida til den nye Grunnlova var meininga med å grunnlovsfeste retten til privatliv var ikkje å endre dagens rettstilstand, men bidra til å synleggjere den gjennom ei prinsipiell føresegn i Grunnlova. Den nærmare avveginga av kor langt ei slik grunnlovsføresegn strekk seg, ville etter utvalet si meining måtte forståast i lys av og supplerast med det internasjonale konvensjonsvernet og tidlegare ulovfesta rett. Føremålet med ei slik grunnlovsføresegn vil dermed væra å sikre at privatlivets fred, personvern og personopplysningsvern vert sikra på alle rettsområde i tråd med gjeldande praksis, samtidig som dette vert synleggjort på grunnlovs nivå.¹⁵

Fråsegnene i forarbeida antyder dermed at internasjonal praksis skal leggjast til grunn for tolkinga av grunnlovsføresegna. Meininga med grunnlovsfestinga av retten til likehandsaming var heller ikkje å endre rettstilstanden, men å synleggjere og framheve at det norske samfunnet er bygd på prinsippet om at alle er like for lova, i og med at dette er eitt av rettsstatens mest fundamentale element.¹⁶ Grunnlovsfestinga var og meint å gje prinsippet større gjennomslagskraft i rettsleg og politisk argumentasjon.¹⁷

¹⁵ Dok. 16 (2011-2012) *Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven* s 175

¹⁶ Ibid s 139

¹⁷ Ibid s 146-147

Samla sett ser ein at meininga ikkje var å endre dagens rettstilstand, men å vidareføre den tilstanden som no ligg føre. Spørsmålet vidare vert då korleis EMD sin praksis skal vektleggjast ved tolking av grunnlovsføresegnene.

I Rt. 2015 s. 93 uttalte Högsterett at «Jeg legger til grunn at § 102 skal tolkes i lys av de folkerettslige forbildene, men likevel slik at fremtidig praksis fra de internasjonale håndhevingsorganene ikke har samme prejudikatsvirkning ved grunnlovstolkningen som ved tolkningen av de parallelle konvensjonsbestemmelserne: Det er etter vår forfatning Høyesterett - ikke de internasjonale håndhevingsorganene - som har ansvaret for å tolke, avklare og utvikle Grunnlovens menneskerettsbestemmelser (avsnitt 57)». Synspunktet vart fulgt opp i Rt. 2015 s. 155 avsnitt 40. Dette betyr at ein i dag i stor grad kan sjå til EMD sin praksis når innhaldet av retten skal fastleggjast, medan det er meir uklart korleis retten skal tolkast i framtida. Fråsegna er avsagt med tanke på Grl. § 102, men i og med at retten til likehandsaming etter Grl. § 98 og er utforma etter modell av dei internasjonale føresegner, lyt ein gå ut i frå at det same skal leggjast til grunn ved tolkinga av retten til likehandsaming. Utgongspunktet for denne oppgåva vert då ordlyden i dei to aktuelle grunnlovsføresegnene. Praksis frå Högsterett lyt nyttast der dette er tilgjengeleg. Dersom dette ikkje er tilgjengeleg vil praksis og teori knytt til dei folkerettslege forbilda, særleg EMK, verte nytta.

Til slutt lyt det nevnast at underrettspraksis vil i oppgåva verte nytta som døme og illustrasjonsmateriale på korleis regelverket fungerer i praksis, men ikkje som argument for gjeldande rett.

3.0 Grunnleggjande omsyn: Den materielle sannings prinsipp og rettstryggleik.

Norsk straffeprosess byggjer på den materielle sannings prinsipp. Dette kjem mellom anna til uttrykk i strpl. § 294. Det følgjer av føresegna at retten på embets vegne skal sørge for at saka er «fullstendig opplyst». Prinsippet inneber at det er eitt mål å komme fram til materielt viktige avgjerder og å unngå uriktige domfellingar.

Som tidlegare nevnt var føremålet med DNA-reformen effektivisering av etterforsking. Funn av biologiske spor på åstaden der det mogleg å framstille ein DNA-profil og samanfall med identitetsprofilen til ein mistenkta kan bidra til å fastleggje eitt hendingsforløp, og dermed realisere den materielle sanninga. Det er ei kjensgjerning at menneske som har gjort brotsverk ofte gjer nye.¹⁸ Sporregisteret eignar seg særleg til å finne desse forbrytarane, ved å kople saman uoppklarte sakar og knytte dei til same gjerningsperson.

Ein dom frå Borgarting Lagmannsrett illustrerer dette.¹⁹ Ein mann vart dømt til fengsel for fire forsettlege valdtekter og ei grovt uaktsom valdtek av fem ulike kvinner over ein periode på tre år. I samband med den første valdtekta vart det sendt inn sporprøve og framstilt profil frå sædceller funne i undertøyet til fornærma. Saka vart seinare henlagt grunna ukjend gjerningsmann. Det same skjedde med fornærma nummer to. I samband med ei pågriping i ein av dei seinare sakane vart det teke prøve til framstilling av DNA-profil (identitetsprofil) av tiltalte, og det oppstod treff i sporregisteret. Saka viser kor effektivt sporregisteret kan være som reiskap i etterforskinga.

Den materielle sannings prinsipp må avvegast mot omsynet til rettstryggleik. Menneskerettane høyrer inn under omgrepene rettstryggleik. Kjerna i omgrepene rettstryggleik har tradisjonelt vore å sikre førehandsvisse og å unngå vilkårlege inngrep i den private rettssfære. Dei delane av rettstryggleiksomgrepene som vil verte drøfta i denne oppgåva er som tidlegare nevnt retten til privatliv og retten til likehandsaming, då dei er mest aktuelle i høve til registrering av DNA-profiler i sporregisteret. I iveren etter å effektivisere etterforskinga og oppklare fleire sakar kan ein ikkje miste rettstryggleiken av syne. Retten til privatliv og retten til likehandsaming lyt avvegast mot omsynet til oppklaring av kriminalitet. Heimelen for registrering i sporregisteret lyt oppfylle rettstryggleikskrava sett i Grunnlova og EMK, samtidig som ein utnyttar moglegheita for effektivisering av etterforsking så mykje som mogleg.

¹⁸ NOU 2005: 19 *Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien* s 34

¹⁹ LB-2009-176051

Omsynet til effektivitet er nemlig og eitt aspekt av rettstryggleiksidealet. Det hjelper ikkje å ha eitt regelverk som gjer vern mot straffbare handlingar dersom det ikkje finst eitt effektivt handhevingssystem for dette.²⁰ Alle omsyn som er i spel i oppgåva er ulike aspekt av rettstryggleiksidealet. Rettstryggleiksinteressene vil være ulike etter kva perspektiv ein tar, om ein er mistenkt, krenkja eller samfunnet generelt.

Avveginga mellom omsynet til rettstryggleik og den materielle sannings prinsipp vil danne ei ytre ramme for den vidare drøftinga.

4.0 Retten til privatliv

4.1 Innleiing

I denne delen skal det for det første drøftast om registrering av sporprofilar i sporregisteret i utgongspunktet er eitt inngrep i retten til privatliv etter Grl. § 102 og EMK artikkel 8. Forsking har vist at rutinar rundt åstadsundersøkingar kan gjere at profilane til uskuldige kan havne i sporregisteret. Undersøkinga av korleis regelverket fungerer vil verte nytta til å drøfte om staten si positive sikringsplikt er oppfylt. Heimelsspørsmål rundt utnytting av spormateriale til andre føremål enn framstilling av sporprofil vil verte drøfta til slutt i denne delen.

Før dette kan gjerast lyt det greiest ut om kva ein sporprofil er, for å leggje eitt grunnlag for den vidare drøftinga.

4.2 Kva er ein sporprofil?

I politiregisterforskriften § 45-2 nr. 5 er ein sporprofil definert som «DNA-profil som fremkommer som resultat av analyse av prøvemateriale innhentet fra for eksempel gjenstander, beslag og på personer».

DNA er ei forkorting for deoxyribonucleic acid, og er eitt molekyl som finst i alle kjernehaldige celler i kroppen. DNA består av ein dobbel helix som er bunde saman av ulike basepar. Sekvensen av desse basepara varierer frå individ til individ innan ein art, og mellom ulike artar. Rekkjefølgja på basane dannar ei oppskrift på ulike protein i organismen. Det er berre ein liten del av det totale DNA`et som vert brukt som oppskrift på protein. Av den delen av DNA`et som ikkje kodar for protein, dreier det seg ofte om korte sekvensar som vert repetert ei rekkje gonger (Short Tandem

²⁰ Johs. Andenæs og Tor-Geir Myhrer *Norsk straffeprosess*, 4 utg, Oslo 2009 s 2

Repeat, STR).²¹ Den individuelle variasjonen er her stor, og det er derfor desse områda som vert nytta til rettsmedisinske undersøkingar. Analyse av desse områda gjev heller ingen informasjon (t.d risiko for sjukdommar, augefarge) utover rein identifikasjon.

DNA-analyser kan foretas på mange ulike typar prøvemateriale, til dømes blod, spytt, vev, sæd og hår. Ved hjelp av analyse av dei ovanfor nevnte områder, vil ein komme fram til ein DNA-profil, som er unik for det individ prøven stammar frå.²²

Dersom ein ynskjer å finne ut om to DNA-profiler stammar frå same individ, vil ei samanlikning gje eitt rimeleg sikkert svar. Identiske profiler impliserer ein overveldande mykje større sannsynlighet for at prøvane stammar frå same individ, enn at dei stammar frå to ubeslektar personar. Det vil likevel være ein liten sjanse for at prøven peikar ut feil person, dersom vedkommande er i nær slekt med den faktiske gjerningsmannen.²³ Einegga tvillingar vil og ha identiske profiler.

4.3 Er registrering av ein sporprofil i sporregisteret eitt «inngrep»?

4.3.1 Heimelsgrunnlaget for vernet av privatlivet. Rettighetsvernet gjeld bestemte personar

Det følgjer av Grunnlova (Grl.) § 102 (1) at alle har rett til respekt for «privatlivet ... sitt». Vidare følgjer det av EMK art. 8 nr. 1 at alle har rett til respekt for sitt «private ... life». Ordlyden i dei to føresegnene er dermed lik, og sidan det er lite praksis knytt til den nye § 102 vil praksis knytt til EMK art. 8 være sentral i fastleggjingga av innhaldet. Omgrepet privatliv favnar vidt. Ei naturleg språkleg forståing tilseier at det er snakk om ein del av livet som er eins eige, som andre ikkje har noko med. Det finst ikkje nokon uttømmande definisjon av privatliv i rettspraksis. Praksis frå EMD viser imidlertid at det er snakk om eitt menneske sin fysiske og psykiske integritet, alle element i ein person sin identitet og moglegheita til å bestemme over seg sjølve, jf mellom anna S and Marper vs Storbritannia.²⁴ Desse momenta brukar og norsk Högsterett ved tolking av Grl. § 102, jf Rt. 2015 s. 93 (avsnitt 58).

Vidare er det på det reine at innsamling, lagring og bruk av personleg informasjon om ein person utan samtykkje er eitt inngrep i retten til privatliv, jf Leander vs Sweden.²⁵ Utvalet som skreiv NOU

²¹ NOU 2005: 19 *Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien* s 16

²² Bioteknologinemnda: *Rettsmedisinsk bruk av DNA-analyser*, Temahefte 2001, s 7

²³ Ibid s 7

²⁴ Sjå note 12

²⁵ EMDs dom 27.03.1987 Leander vs. Sverige publ. A 116 (1987)

2005:19 Lov om DNA-register til bruk i strafferetspleien kom på side 36-37 til at innhenting av biologisk materiale og registrering i DNA-registeret (identitetsregisteret) er eitt inngrep i retten til privatliv etter EMK art. 8. Departementet slutta seg til dette, jf Ot.prp.nr.19 (2006-2007) s 12. EMD har seinare bekrefta dette standpunktet i dommane Van der Welden mot Nederland og W mot Nederland, og storkammeravgjerala S and Marper mot Storbritannia.²⁶ Spørsmålet er om dette og gjeld sporprofilar.

I eldre forarbeid er det lagt til grunn at lagring av sporprofilar ikkje er eitt inngrep mot ein bestemt person, jf NOU 1993: 31 s 32-33 og Ot.prp.nr.55 (1994-1995) s 12. Spørsmålet er om dette standpunktet står seg i dag. Poenget er nemlig at rettssubjektet lyt være bestemt for at retten til privatliv skal kunne gjerast gjeldande.

Det springande punkt i drøftinga er dermed om registrering av ein sporprofil i sporregisteret er eitt inngrep mot ein bestemt person. Dette vert drøfta i neste avsnitt.

4.3.2 Er registrering av ein sporprofil eitt inngrep mot ein bestemt person?

I utgongspunktet er registrering av ein DNA-profil innsamling og lagring av personleg informasjon, og dermed eitt inngrep. Problemet er at personen sporprofilen tilhøyrer endo ikkje er identifisert. Spørsmålet vert då om dette er eitt inngrep i privatlivet til ein bestemt person.

DNA-profilen består av ein tallkode. Det er dermed ikkje snakk om noko særleg sensitiv informasjon. Dersom ein person skulle få tilfeldig innsyn, kan ein ikkje dra noko informasjon ut av opplysningane, det trengs kompetanse for å lese ein DNA-profil. Dette talar mot at det er snakk om eitt inngrep.

Det vert likevel lagra opplysningar om den aktuelle straffesaka, jf politiregisterloven § 12, fjerde avsnitt. Hverken profilen eller desse opplysningane er knytt opp mot ein identitet. Føresetnaden for at det skal verte tilknyttet ein identitet til profilen er at den aktuelle personen seinare vert mistenkt for eitt lovbrot og at det vert teke ein prøve og framstilt profil etter strpl. § 158, søkt mot sporregisteret og oppnådd treff.

Det ligg altså identifiserande opplysningar om ein bestemt person i eitt register, saman med opplysningar om ei mulig tilknytta straffesak, og personen vil ikkje ha moglegheit til å imøtegå

²⁶ Sjå note 12

opplysingane. Dette stiller seg i motsetnad til lagring i identitetsregisteret. Den registrerte skal underrettast om at han er registrert, og har rett til innsyn, jf politiregisterforskriften §§ 45-11 og 45-12 jf § 17-2. Noko tilsvarende vil sjølvsagt ikkje være mogleg ved lagring i sporregisteret, i og med at ein manglar ein identitet. At ein manglar denne moglegheita til å imøtegå opplysingar om seg sjølve peikar likevel i retning av at lagring i sporregisteret er eitt inngrep i retten til privatliv. Det kan verte ei stor overrasking for ein person at DNA-profilen vert oppdaga i tilknytning til ei tidlegare straffesak, spesielt dersom det er gått noko tid. Dette peikar klart i retning av at registrering av sporprofilar i sporregisteret er eitt inngrep i retten til privatliv.

Ein anna måte informasjon frå sporregisteret kan dukke opp er at DNA-profilar frå lik kan søkjast mot alle DNA-registra, inkludert sporregisteret, jf politiregisterforskriften § 45-8 andre avsnitt. Ein har då sjølvsagt ingen moglegheit til å motsei opplysingane som kjem fram. Dette peikar i retning av at registrering av sporprofilar er eitt inngrep.

Ein skilnad på sporregisteret og identitetsregisteret er at det er høve til å oppbevare spormateriale så lenge det er føremålstenleg, jf politiregisterforskriften § 45-18 (2). Materiale som har vorte nytta til å framstille profilar til etterforskings og identitetsregisteret skal destruerast når føremålet er oppnådd, jf politiregisterforskriften § 45-18 (1). I NOU 2005:19 på side 33 finst det ei noko oppsiktsvekkjande fråsegn om bruken av dette prøvematerialet. Utvalet meiner DNA-spor frå ukjende personar skal kunne analyserast i den utstrekning politiet finn det hensiktsmessig, altså å få fram mest mogleg informasjon om personen. Utvalet meiner dei etterforskningsmessige fordelane veger opp for det faktum at ein får fram mengder av personleg informasjon. Det vert imidlertid presisert at det ikkje er høve til å lagre informasjonen som kjem fram. Ein slik bruk har mange problematiske sider mot personvernet, og det er vel tvilsomt om det som står her kan bli verkelighet utan omfattande lovendringar, i til dømes straffeprosessloven og personopplysningslova. Dette kjem eg tilbake til seinare i drøftinga.

Poenget her er at sporprofilen ikkje like klart vert skilt ut frå anna biologisk informasjon, men kan koplast saman med den. Dette er eitt sterkt argument i retning av at registrering i sporregisteret er eitt inngrep i retten til privatliv.

I S and Marper vs Storbritannia, som omhandla lagring av identitetsprofilar frå to personar som berre hadde vore sikta for brotsverk, men ikkje dømte, anerkjente retten at eitt individ si bekymring for mulig framtidig bruk av privat informasjon innsamla av myndigkeitene var relevant i avgjerda

av om det låg føre eitt inngrep i retten til privatliv (avsnitt 71).²⁷ Det vart dessutan lagt vekt på den store mengda personleg informasjon som potensielt er tilgjengeleg i arvematerialet (avsnitt 73-77). Dommen omhandlar riktignok identitetsprofilar, men det kan hevdast at argumenta har enda større vekt for sporprofilar som ikkje er like klart skilt ut frå anna biologisk materiale.

Eitt individ som har fått DNA-profilen sin lagra i sporregisteret vil mest sannsynleg ikkje vite om dette, og kan då heller ikkje bekymre seg over dette. Likevel, overvåking og innsamling av personopplysningar er eitt stadig aktuelt tema i samfunnet. Dette gjeld alle typar personopplysningar, datatrafikk, personnummer og liknande, og no og arvematerialet vårt. Omsynet til personvern taler sterkt i retning av at innsamling og bruk av slike opplysningar lyt være strengt regulert, sjølv om opplysningane skal brukast til oppklaring av kriminalitet. Uansett om informasjonen vert brukt eller ikkje, ligg det søkbar og identifiserbar personleg informasjon i eitt register.

Til samanlikning kan det nevnast at nokre statar i USA opnar for å ta ut sikting mot ein uidentifisert DNA-profil. Denne moglegheita vert særleg nytta til å halde valdtektsakar varme, i og med at ein avbryt foreldingsfristen.²⁸ Dette antyder at ein sporprofil i USA vert sett som tilknytt ein bestemt person.

Det avgjerande lyt likevel være at det er snakk om ein identifiserande kode som er unik for ein bestemt person som vert lagra i eitt register.

Samla sett vert eg difor nøydd til å konkludere med at registrering i sporregisteret er eitt inngrep i retten til privatliv etter Grl. § 102 og EMK art. 8. Under punkt 4.4 skal det drøftast om inngrepet kan legitimeraast.

4.4 Er inngrepet legitimert?

4.4.1 Opnar Grl. § 102 for inngrep?

Etter EMK art. 8 (2) kan inngrep i retten til privatliv legitimeraast dersom visse vilkår er oppfylt. Grunnlova § 102 inneholder ikkje noko liknande formulering. Spørsmålet vert då om Grunnlova i motsetnad til EMK inneholder eitt absolutt vern mot inngrep i privatlivet. Høgsterett gjer i Rt. 2015 s. 93 avsnitt 60 svar på dette spørsmålet. Ein einstemmig Høgsterett uttalte at: «Til forskjell fra SP

²⁷ Sjå note 12

²⁸ <http://writ.news.findlaw.com/colb/20030813.html> i Ragna Aarli *DNA-bevis - Rettsmedisinsk sakkyndighet ved bruk av DNA-sakkyndighet i kampen mot kriminalitet* Oslo 2011 s 195

artikkel 17 og EMK artikkel 8, inneholder Grunnloven § 102 ingen anvisning på om det overhodet kan gjøres lovlige begrensninger i privat- og familielivet. Men grunnlovsvernet kan ikke være - og er heller ikke - absolutt. I tråd med de folkerettslige bestemmelsene som var mønster for denne delen av § 102, vil det være tillatt å gripe inn i rettighetene etter første ledd første punktum dersom tiltaket har tilstrekkelig *hjemmel*, forfölger et *legitimt formål* og er *forholdsmessig*, jf.Rt-2014-1105 avsnitt 28. Forholdsmessighetsvurderingen må ha for øye balansen mellom de beskyttede individuelle interessene på den ene siden og de legitime samfunnsbehovene som begrunner tiltaket på den andre.» Etter dette er det altså rom for å gjøre inngrep i GrL § 102, på same vilkår som for å gjøre inngrep i EMK artikkel 8 nr. 2.

Inngrepet må være «in accordance with the law», «necessary in a democratic society» og dessutan i tråd med eitt av dei lovlege føremåla, i vårt tilfelle «for the prevention of ... crime», jf EMK artikkel 8 nr. 2.

4.4.2 Lovskravet

Det første spørsmålet vert om inngrepet oppfyller heimelskravet som følgjer av EMK art. 8 nr. 2, jf Rt. 2015 s. 93 avsnitt 60. Etter praksis frå EMK inneber dette at inngrepet både lyt ha heimel i lov, og dessutan være kompatibel med lovføresegna. Det vert ikkje krevd formell lov, men føresegna lyt være så tilgjengeleg og klår at borgaren kan rekne ut si rettstilling, om naudsynt med rettleiing. Oppretting av sporregisteret er heimla i politiregisterloven § 12, første avsnitt. Registrering av profilar i dette registeret er heimla i same føreseggn, fjerde avsnitt. Det er såleis snakk om klar og tydeleg ordlyd i formell lov. Det kan dermed konstaterast at heimelskravet er oppfylt, og inngrepet er «in accordance with the law», jf EMK art. 8 nr. 2.

4.4.3 Føremålskravet

Vidare lyt inngrepet ha eitt legitimt føremål. Det mest aktuelle å ta utgongspunkt i er «for the prevention of ... crime», jf EMK artikkel 8 nr. 2. Det er på det reine at sporregisteret vert nytta som eitt verkty for å oppklare kriminalitet. Føremålet er å identifisere personar som har vore knytta til ein åstad der det har skjedd ei kriminell handling og å knytte saman uoppklarte kriminalsakar. Sporregisteret eignar seg som tidlegare nevnt særleg til å finne fram til forbrytarar som gjentar brotsverk. På denne måten eignar registeret seg til å førebyggje framtidig kriminalitet. Dermed innfrir inngrepet føremålskravet.

4.4.4 Krav om forholdsmessigheit: utgongspunktet

Det neste som må vurderast er om inngrepet er «necessary in a democratic society». Dette er ei vurdering av forholdsmessigheit mellom mål og middel. I praksis frå EMD vert vurderinga delt inn i to kumulative undervilkår. Eitt inngrep vil verte rekna som naudsynt i eitt demokratisk samfunn

dersom det ligg føre eitt presserande samfunnsbehov og at inngrepet står i høve til føremålet, jf mellom anna S. and Marper vs Storbritannia (avsnitt 101).²⁹ Føremålet staten gjer gjeldande lyt dessutan være tilstrekkeleg tungtvegande. Högsterett uttalte i Rt. 2015 s. 93 at vurderinga lyt ha auge for balansen mellom dei beskytta individuelle interessene på den eine sida og dei legitime samfunnsbehova som grunngjev tiltaket på den andre.

EMD innrømmer staten ein viss skjønnsmargin, «margin of appreciation». Kor stor denne marginen er kjem an på kva type rett det er snakk om, kor viktig den er for individet og inngrepets art, jf S. and Marper, avsnitt 102 .

Det er på det reine at bruk av DNA-teknologi aukar oppklaring av kriminalitet, og då særleg vinningskriminalitet.³⁰ Vinningskriminalitet er ofte vanskeleg å oppklare. Grunnen til dette er at det som oftast ikkje er vitner og andre gode spor, og dessutan er gjerningsmannen ikkje kjend ved anmeldelsestidspunktet. Sporregisteret er derfor eit svært nyttig reiskap for å kople saman brotsverk og finne rett gjerningsmann. Ved andre typar kriminalitet kan bevisverdien til eitt DNA-treff variere. I valdtekstssaker kan til dømes DNA-spor bevise at eitt samleie har funne stad, men ikkje om det var frivillig eller tvunge.³¹ Likevel er det på det reine at DNA er eitt godt etterforskningsverktøy. Det finst dermed eitt presserande samfunnsmessig behov for inngrepet.

Dersom målet kan nåast med eitt mindre inngripande middel er inngrepet ikkje forholdsmessig. DNA-beviset er unikt. Ikkje berre fordi det eignar å skilje individ frå kvarandre og knytte individ til, eller utelukke frå ei kriminell handling, men fordi det lar seg framstille frå så mange ulike typar prøvemateriale, og dessutan små mengder prøvemateriale.³² Fingeravtrykk er og eitt anna individuelt kjenneteikn ein kan leggje i søkbare register på same måte som DNA. Dette er imidlertid ikkje like effektivt. Det skal meir til for å leggje frå seg eitt fullstendig fingeravtrykk enn anna biologisk materiale. Mange kriminelle er klar over dette, og brukar hansk. Arbeidet med å sikre fullstendige fingeravtrykk som eignar seg til registrering og samanlikning er dessutan mykje meir krevjande enn å sikre biologiske spor. I Noreg vert mange åstadar undersøkte av generalistar (dei som har sin primære arbeidsstad i ordenspolitiet eller på lensmannskontor), og dei har mindre kompetanse på siring av fingeravtrykk enn åstadsgranskurar.³³

²⁹ Sjå note 12

³⁰ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» Politihøgskolen Forskning 2013: 2 s 14

³¹ Bioteknologinemnda: *Rettsmedisinsk bruk av DNA-analyser*, Temahefte 2001

³² Ragna Aarli *DNA-bevis - Rettsmedisinsk sakkyndighet ved bruk av DNA-sakkyndighet i kampen mot kriminalitet* Oslo 2011 s 31

³³ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» Politihøgskolen

Etter dette er det på det reine at det ikkje finst mindre inngripande middel som er like effektive.

I S and Marper vart det ikkje rekna som forholdsmessig at det vart teke celleprøvar, framstilt og lagra DNA-profiler frå to personar som hadde vore sikta i sine respektive sakar, men ikkje domfelte. Klagarane var ein 11-år gammal gut mistenkt for naskeri, og ein vaksen mann som var anmeldt for trakassering. Domsstolen var overraska over dei manglande grensene for lagring av DNA-profiler og cellemateriale som skilte seg ut frå andre europeiske land. Det vart hverken teke omsyn til brotsverkets alvorlighetsgrad, graden av mistanke eller den mistenkte sin alder (avsnitt 119).

Storbritannia viste til at lagringa ikkje ville ha noko effekt på mistenkte utan at det oppstod eitt treff. Domsstolen aksepterte ikkje dette argumentet og viste til at sjølve innsamlinga av opplysningane var eitt inngrep i ein person sitt privatliv (avsnitt 121). Det som særleg bekymra domsstolen var risikoen for stigmatisering, fordi klagarane vart handsama som dømte personar, medan dei sjølv ikkje var dømte og dermed skulle verte handsama som uskuldige (avsnitt 122).

Dette kan ikkje direkte samanliknast med vår problemstilling. Årsaka til dette er at når ein får ein identitet tilknytt profilen, og avklart om den har samanheng med straffesaka, vil profilen høvesvis verte sletta, eller flytta til identitetsregisteret etter domfelling. Etter norske reglar er det ikkje høve til å registrere identitetsprofiler utan at det ligg føre fellande dom. Likevel, ein kan dra ut frå EMD sitt resonnement i S and Marper vs Storbritannia at det lyt finnast ei nedre grense for lagring av denne type personopplysningar. I Noreg er denne grensa trukke ved at identitetsprofiler berre kan lagrast etter dom for brotsverk som kan medføre tap av fridom. Dette lyt bety at sporprofilar framstilt av materiale frå ein åstad berre kan lagrast der det er mistanke om tilsvarende brotsverk.

Konklusjonen lyt være at det er forholdsmessig å lagre sporprofilar i sporregisteret i utgangspunktet. Likevel lyt det drøftast om den norske nedre grensa for lagring er for låg. Dette vert gjort under avsnitt 4.4.5.

4.4.5 Krav om forholdsmessigkeit: Nedre grense?

I denne delen skal det drøftast om den nedre grensa for lagring av sporprofilar er forenlig med kravet om forholdsmessigkeit etter Grl. § 102 og EMK art. 8 nr. 2.

Sporprofilar kan lagrast for alle brotsverk som kan medføre fengselsstraff. Dette medfører at DNA-

profilar kan verte lagra for brotsverk som nekting av militærteneste, ulike økonomiske brotsverk og brotsverk gjort i trafikken. Akkurat desse døma er ikkje så aktuelle med tanke på etterlating av biologiske spor, og dermed lagring i sporregisteret, men dei illustrerer poenget med at det i teorien skal lite til før ein sporprofil havnar i sporregisteret. Ein kan tenkje seg andre, meir bagatellmessige lovbroter der ein etterlet seg biologiske spor, og dermed vert registrert i sporregisteret.

Informasjonen vert liggjande og er søkbar. Prøvematerialet vert oppbevart så lenge det vert rekna som forholdsmessig, jf politiregisterforskriften § 45-18.

Utvalet som skreiv NOU 2005: 19 var einige om at den tidlegare terskelen for lagring i DNA-registeret var for låg, men utvalet var delt i synet på kor grensa no skulle gå.

Spørsmålet vert då om det er forholdsmessig å registrere DNA-profiler i sporregisteret for mindre alvorlege lovbroter. Det er lett å tenkje seg at det ikkje kan være forholdsmessig å lagre profilar frå mindre alvorlege brotsverk, då dei ikkje synest å være i målgruppa for registrering, til dømes mindre tjuveri. Dessutan, jo meir tid som går etter eitt brotsverk, jo mindre vert trøngen for straff, særleg når det gjeld mindre alvorlege brotsverk. Det kan verte svært overraskande for ein person å få dratt opp igjen ein gammal sak etter mange år, på grunn av eitt treff i sporregisteret. Her kjem imidlertid reglane om forelding i strl. § 67 inn. Det vil ikkje være anledning til å forfölge mindre brotsverk dersom foreldingsfristen er gått ut.

På ei anna side er det viktig for straffelova si autoritet at den skuldige vert funne og straffa, og dette peikar i retning av at det er forholdsmessig å lagre sporprofilar og ved mindre brotsverk, i og med at DNA er eitt effektivt etterforskringsverkty. Dette gjer seg imidlertid sterkest gjeldande dersom brotsverket er ferskt. Omsyna som taler mot straff vert sterke etterkvart. Dersom den skuldige i tillegg har levd eitt lovlydig liv, kan det å verte konfrontert med eitt tidlegare brotsverk verte hardt.³⁴ Ein kan bruke det tidlegare nevnte dømet med nekting av militærteneste. Dersom det vert framstilt identitetsprofil i samband med desse brotsverka og det oppstår treff i sporregisteret mot eitt mindre brotsverk langt tilbake i tid, kan dette verte svært overraskande.

Det kan dessutan være svært hardt å verte konfrontert med mindre brotsverk gjort medan ein var svært ung. Det er sett i gong særlege tiltak for å ta omsyn til ungdom i rettssystemet. For unge

³⁴ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» Politihøgskolen Forskning 2013: 2 s 486

lovbrytarar er det viktig at avgjerala kjem raskt. Ei sein avgjerd kan ramme ein ungdom hardt dersom han eller ho når avgjerala vert truffe lev eitt heilt anna liv enn då brotsverket vart gjort.³⁵ Eitt av tiltaka er dermed at saka skal avgjerast raskt, jf strpl. § 249 (2). Dessutan kan ein idømmast ungdomsstraff etter strl. § 28c. Dette taler sterkt for å handsame brotsverk gjort medan ein var ung på ein anna måte enn dersom det vart gjort medan ein var eldre. Ein kan ikkje sjå alderen til ein person ut frå DNA-profilen. Det illustrerer likevel eitt poeng. Det kan være hardt å få dratt opp igjen «noko dumt» ein gjorde då ein var svært ung, til dømes i samband med lagring av DNA-profilen for ei anna sak som er ulik i art. Her vil likevel og foreldingsfristane setje ei ytre grense for kor langt i ettertid saka kan takast opp.

Den ytre grensa for bruk av opplysningane som vert lagra, nemlig foreldingsfristane, peikar klart i retning av at det faktisk er forholdsmessig å registrere mindre lovbroter i sporregisteret.

Det finst og fleire døme frå tida etter opprettinga av DNA-registeret der det har oppstått treff mellom sakar som er ulike i art, og der det kan hevdast at det eine brotsverket ikkje er i målgruppa for eitt DNA-register. Ei valdtektsak frå Bergen i 2006 der det vart sikra DNA-spor frå gjerningsmannen på offeret, vart raskt oppklart etter at politiet sendte profilen til dei andre nordiske landa. Gjerningsmannen hadde nemlig vore involvert i ei trafikksak i Sverige og identitetsprofilen hans vart lagra i det svenske DNA-registeret.³⁶ Eitt anna døme er eitt grovt ran på Torgallmenningen i år 2000. Rundt 11 år seinare vart ein av ranarane pågripen i Tyskland i samband med ei trafikkovertrædelse. Ein sjekk mot DNA-registeret avslørte at han var etterlyst for ran i Noreg.³⁷ Eitt tredje døme som illustrerer poenget finst i TOSLO-2012-15475. Ein mann vart dømt til fengsel i ni månadar for simpelt ran, og seksuell handling med nokon som ikkje hadde samtykkja til det. Den seksuelle handlinga skjedde først, og det vart framstilt ein DNA-profil av sædrestar på fornærma sine klede. Profilen vart lagra i sporregisteret. I samband med arrestasjonen for ranet av ein Iphone vart det teke prøve til framstilling av identitetsprofil, og det oppstod treff mot den eldre saka.

Oppsummert ser ein at sjølv om det ved første augnekast kan verke uforholdsmessig å lagre DNA-spor i sporregisteret for mindre brotsverk og brotsverk som tilsynelatande ikkje er i målgruppa for DNA-registrering, viser desse sakane at dette likevel fører til oppklaring av alvorleg kriminalitet.

³⁵ Johs. Andenæs og Tor-Geir Myhrer *Norsk straffeprosess*, 4 utg, Oslo 2009 s 344

³⁶ Asbjørn Strandbakken «DNA-lovgivningen i støpeskeen – eller. Om å innføre svenske tilstander i Norge» i Josef resa: *Vänbok til Josef Zila*, Uppsala 2007 s 195-209 s 195

³⁷ <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/To-polakker-pa-tiltalebenken-13-ar-etter-det-raeste-ranet-i-Bergen-2852593.html> (04.05.2015)

Den norske nedre grensa for lagring er etter denne drøftinga forholdsmessig. Omsynet til oppklaring av kriminalitet er tungtvegande, og me lyt tåle nokre inngrep i den private sfære i denne samanheng.

Konklusjonen vert at sjølv lagring av sporprofilar frå mindre alvorlege brotsverk er forholdsmessig. Inngrepet i retten til privatliv er dermed legitimert etter EMK artikkel 8 nr. 2.

4.5 Er sikringsplikta oppfylt?

4.5.1 Law in action 1: Bruk av referanseprøvar

I denne delen av oppgåva vil det verte retta eitt kritisk blikk mot korleis reglane rundt lagring av profilar i sporregisteret fungerer i praksis, altså «law in action». Funn frå den samfunnsvitskaplege forskingsartikkelen «Frå spor til dom - en evaluering av DNA-reformen» dannar grunnlag for drøftinga av om staten oppfyller si positive sikreplikt når det gjeld å hindre inngrep i retten til privatliv. Undersøkinga viser nemlig at politiet i liten grad sender inn referanseprøvar for å forhindre at profilar frå uskuldige havnar i sporregisteret.

Det følgjer av Grunnlova § 92 at staten skal «respektere og tryggje» menneskerettane. Ei tilsvarende føresegn finst i EMK art. 1. Dei to føresegndene gjev uttrykk for det som vert kalla staten si positive sikreplikt. Staten kan og verte ansvarleg for unnlatingar, for ikkje å ha gjort nok for å unngå krenkingar, staten har altså ei dobbel gjennomføringsplikt.³⁸

Den overordna problemstillinga i denne delen av oppgåva er dermed om staten oppfyller sine positive plikter etter EMK artikkel 8.

Ein kan ikkje med det blotte auga sjå kven sin profil ein kan framstille frå eitt biologisk spor, det vil seie om det er gjerningsmannen eller ein anna person sitt spor som vert sikra. Nokre gonger kan det likevel være meir tydeleg kva spor som stammar frå lovbrotet enn kva som ikkje gjer det. Dette kan typisk være gjenstandar gjerningsmannen har tatt i, blodspor dersom gjerningsmannen har skore seg i samband med til dømes ruteknusing, drikkeflasker, brukte sigarettar eller liknande.³⁹ DNA-spor er spor som er lette å plante, til dømes ved hjelp av etterlating av nevnte gjenstandar, men dette er eitt spørsmål retten lyt ta stilling til under bevisbedømminga.⁴⁰

³⁸ Jørgen Aall *Rettsstat og menneskerettigheter*, 3 utg, Bergen 2011 s 50

³⁹ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» *Politihøgskolen Forskning* 2013: 2 s 52

⁴⁰ Ragna Aarli *DNA-bevis - Rettsmedisinsk sakkyndighet ved bruk av DNA-sakkyndighet i kampen mot kriminalitet* Oslo 2011 s 31

Dersom åstaden til dømes er ein einebustad der det bur ein familie, vil åstaden i tillegg være full av DNA frå familiemedlemmane. Under åstadsundersøkinga kan ein dermed komme i skade for å sikre spor som inneholder DNA-profiler frå fornærma og vitner. Desse profilane risikerer då å havne i sporregisteret i tilknyting til den aktuelle saka. For å unngå å registrere profiler frå fornærma og vitner, vert det anbefalt at politiet sender inn referanseprøvar, og at desse vert sjekka mot sporprofilen før lagring, jf politiregisterforskriften § 45-10. Dessutan heimlar politiregisterloven § 12 (5) oppretting av eitt eliminasjonsregister der ein kan registrere DNA-profilane til folk som jamnleg har kontakt med åstadar og prøvar.

Evalueringa av DNA-reformen viste imidlertid at det berre vart sendt inn referanseprøvar i 10% av sakane som var undersøkt i analysen.⁴¹ Noko av forklaringa var at det var svært sikkert at sporet tilhørte gjerningsmannen, medan det i andre sakar var uhensiktsmessig grunna høgt antall personar som hadde tilgang til åstaden, til dømes ved innbrot i bil. Likevel avslørte analysen at rutinane rundt referanseprøvetaking var for dårlige, og at dei som gjennomførte åstadsundersøkingar ofte ikkje hadde med seg riktig utstyr til å ta referanseprøvar.⁴² Nokre respondentar var og usikre på korleis dei sikra og sendte inn referanseprøvar.⁴³ Det var generalistane i undersøkinga (det vil seie dei som arbeider i ordenstenesta eller på lensmannskontor) som dårligast å sende inn referanseprøvar.⁴⁴ Analysen viste også at det ikkje vart sendt inn referanseprøvar sjølv når Folkehelseinstituttet ba om det. I desse tilfella vart profilen likevel lagt i sporregisteret. Sannsynet for at det ligg profiler der som tilhører vitner og fornærma er dermed stor. Nokre respondentar i undersøkinga kunne ikkje sjå problemet med at uskuldige vert registrert, i og med at den som er uskuldig ikkje har noko å frykte.⁴⁵

Det er allerede på det reine at innsamling og lagring av sporprofilar er eitt inngrep i retten til privatliv etter Grl. § 102 og EMK art. 8.

Ein uskuldig person som får sin DNA-profil lagra i sporregisteret har fått krenkja sitt privatliv, i og med at det er snakk om innsamling og lagring av personleg informasjon utan personen sitt samtykkje. Det finst altså reglar som skal hindre denne situasjonen. Problemets er at reglane ikkje vert etterfulgt, og spørsmålet er heretter om staten då forsømmer si positive sikreplikt.

⁴¹ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» *Politihøgskolen Forskning* 2013: 2 s 53

⁴² Ibid s 15

⁴³ Ibid s 54-55

⁴⁴ Ibid s 101

⁴⁵ Ibid s 55

Staten kan ta i bruk ulike verkemiddel for å ivareta si sikreplikt. Dei lyt førebyggje krenkjingar, og dette kan gjerast ved lovgjeving, opplæring og liknande. Dette er imidlertid ikkje nok, staten lyt nemlig handheve lova effektivt slik at den ikkje vert ståande som ein tom trugsel. Det kan her dermed verke som om staten ikkje oppfyller si positive sikreplikt når politiet ikkje veit korleis dei tek og sender inn referanseprøvar, og personprøvesett ikkje er ein del av standardutstyret til patruljane. Det har tidlegare vore fokus på manglande referanseprøvar, og problemet vart forsøkt løyst med skjerpa krav til innsending. Dette førte imidlertid til ein nedgong i innsending av biologiske spor til analyse. Dette faktum, samanholdt med svara frå respondentane i undersøkinga, antyder at problemet ligg i at det å ta referanseprøvar er for tidkrevjande, og for dårlig opplæring.⁴⁶

Undersøkinga viser at det er få som har gjennomført 10-timars kurset i sikring av biologiske spor som vart oppretta i samband med DNA-reformen. Dessutan henvender dei fleste seg til kollegaer dersom dei lurer på noko, istadenfor til dømes instruksjonsvideoar frå KRIPOS. Dette gjeld igjen særleg generalistane.⁴⁷ Det er særleg uheldig at ein bruker kvarandre som hovudkjelde til informasjon. Den aktuelle informasjonen vil alltid verte bearbeida og endre seg for kvar person som gjer den vidare. Å bruke til dømes intruksjonsvideoane, og dermed ha ein slags «gullstandard» er eitt betre utgongspunkt.

Slik ser ein at staten stiller opplæring til disposisjon, men at opplæringa av ulike grunnar ikkje når fram til mottakarane. Respondentane i undersøkinga klaga og over manglande tilbakemeldingar på arbeidet dei gjorde, tilbakemeldingar ville auke motivasjonen.⁴⁸

Argumentet om at den som er uskuldig treng ikkje uroe seg er ikkje holdbart. Storbritannia viste til eit liknande argument i *S and Marper vs Storbritannia*⁴⁹. Staten meinte i saka at lagringa ikkje ville bety noko for dei berørte utan at det oppstod eitt treff i samband med ei framtidig sak. Domstolen viste imidlertid til at sjølv innsamlinga og registreringa av denne informasjonen vart rekna som å ha direkte påverknad på den råka personen. Det kan dras parallellear til vår sakstype. Lagringa inneber at det vert liggjande søkbar personleg informasjon i eitt register.

Det er likevel vanskeleg å kunne konkludere med ei krenkjing av retten til privatliv. Faktum er at

⁴⁶ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» *Politihøgskolen Forskning* 2013: 2 s 102

⁴⁷ Ibid s 133-134

⁴⁸ Ibid s 138-141

⁴⁹ Sjå note 12

det vil være heilt umogleg å ha eitt sporregister dersom målet skal være at uskuldige aldri skal verte registrert der. Som tidlegare nevnt vil det være vanskeleg å sjå på ein åstad kva biologiske spor som tilhører forbrytaren. Det vil og være uhensiktsmessig, om ikkje umogleg, å ta referanseprøvar av absolutt alle som tenkast kan ha hatt kontakt med ein åstad.

Eitt døme på ei sak som viser kor vanskeleg det kan være å få teke referanseprøvar finst i TBERG-2006-137586. Ein mann vart frifunnen for eitt innbrot på eitt legekontor. DNA-profilen hans vart funnen i spormateriale på venterommet. Det ville være heilt umogleg å få teke referanseprøvar av alle som har vore innom legekontoret. Eitt liknande døme finst i TBERG-2011-19065. Ein mann vart her frifunnen for innbrot og tjuveri frå datarommet på ein skule. Og i dette tilfellet ville det vere umogleg å ta referanseprøve frå alle som det kan tenkast kan ha vore på datarommet. DNA-profilen vart funne i eitt blodspor på døra inn til rommet, og politiet måtte difor gå utifrå at sporet tilhøyrte gjerningsmannen.

Eitt døme på kor viktig det er å ta referanseprøvar finst i TOSLO-2013-26112. Ein mann vart dømt for grovt ran av ei eldre kvinne. DNA-spor frå mannen vart funne på buksa til kvinnen. Det går ikkje fram av dommen om det vart sendt inn referanseprøve, men i denne situasjonen er det både naudsynt og hensiktsmessig. Eitt klesplagg ein har såpass tett på huda vil naudsyntvis være fullt av hudceller og eventuelt hår, og dermed eigaren av klesplagget sitt DNA.

Igjen står ein tilbake med ei avveging av to viktige omsyn, omsynet til oppklaring av kriminalitet og retten til privatlivet. Sporregisteret fører til meir effektiv oppklaring av kriminalitet, men dette kan ikkje utgjere eitt uforholdsmessig inngrep i uskuldige sitt privatliv.

Løysinga kan være at det bør kunne stillast eitt minstekrav om at rutinane rundt åstadsundersøkingar vert meir standardiserte, bevisstgjering rundt viktigheita av dette og tilretteleggje ved at utstyr til denne typen prøvetaking vert ein del av standardutstyret som politiet har med seg.⁵⁰ Dessutan lyt opplæring være obligatorisk, slik at ein er sikker på at alle som utfører sporsikring sit på same type kompetanse. Dette er viktig ikkje berre for å hindre at profilar frå uskuldige havnar i sporregisteret, men også for effektiviteten og tilliten til bruken av DNA-bevis i straffesakar. Konklusjonen vert at det vert vanskelig å konstatere at staten ikkje oppfyller si positive sikreplikt og dermed krenkjing av retten til privatliv. Likevel er det på det reina at rutinane og opplæring i sikring av biologiske spor og innsending av referanseprøvar lyt takast tak i.

⁵⁰ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» *Polithøgskolen Forskning* 2013: 2 s 55

4.5.2 Law in action 2: Utnytting av spormateriale, kva moglegheitar finst?

I dette avsnittet skal bruk av spormateriale til andre føremål enn framstilling av sporprofil drøftast i forhold til retten til privatliv. Emnet er svært aktuelt å drøfte. Arvematerialet inneholder nemlig store mengder informasjon om ein person som kan utnyttast i ei etterforsking. Slik bruk er ikkje uttrykkeleg heimla i medhald av dagens lovverk, men det er heller ikkje uttrykkeleg forbode.

Spørsmål om kva heimel som vert kravd vert drøfta under punkt 4.5.3.

Som tidlegare nevnt kan spormateriale etter politiregisterforskriften oppbevarast så lenge det er hensiktsmessig. I forarbeida til lovendringane som førte fram til den såkalla DNA-reformen finst det ei fråsegn om bruk av dette spormateriale til andre føremål enn framstilling og lagring av sporprofil:

«Utgangspunktet er dermed at DNA-spor fra ukjente personer kan analyseres i den utstrekning politiet finner det hensiktsmessig. En inngående analyse av det biologiske materialet vil ikke være noe inngrep overfor en bestemt person. De etterforskningmessige fordeler ved å få mest mulig informasjon om gjerningspersonen vil imidlertid være store. Disse veier fullt ut opp for eventuelle betenkelskaper ved at politiet og Rettsmedisinsk institutt vil få store mengder informasjon fra DNA-sporet, som kan knyttes til en bestemt person dersom han identifiseres på et senere tidspunkt. Det er derfor adgang til å analysere biologisk materiale fra en ukjent person så langt teknologien og vitenskapen gjør det mulig. Dette er for øvrig et felt hvor utviklingen går raskt. Det pågår forskning som innen kort tid vil gjøre det mulig å si noe om blant annet etnisk bakgrunn, hårfarge, fysiske kjennetegn og sykdommer hos den personen som DNA-sporet stammer fra. Politiet vil da kunne tegne en form for «fantombilder» av mulige gjerningsmenn tidlig i etterforskningen, og på den måten få store fordeler i den videre oppklaring av saken.»⁵¹

Andre moglegheitar ein har med DNA, er «familial searching», eller familiesøk- Dette vil seie at ein søker i databasane etter slektningar. Ein har til dømes fått ein full profil frå ein åstad, men ingen treff i identitetsregisteret. Dermed kan ein søkje etter menneske med liknande profilar.⁵² Dette vert allerede gjort i Storbritannia. Familial searching vert ikkje gjort i Noreg, men det skal være mogleg med dei databasane politiet bruker.⁵³ Fleire typar sjukdommar er direkte utkomme av variasjonar av

⁵¹ NOU 2005: 19 Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien s 33

⁵² Johanne Yttri Dahl og Ann Rudinow Sætnan «It all happened so slowly» On controlling function creep in forensic DNA databases» *International Journal of Law, Crime and Justice* 2009 s 92.

⁵³ Johanne Yttri Dahl og Ann Rudinow Sætnan «It all happened so slowly» On controlling function creep in forensic

gen ein har arva hjå foreldrene sine. Andre sjukdommar er ein meir disponert for å få gjennom mutasjonar i visse gentypar. Forskinga på dette området gjer stadig nye oppdagingar. Dermed kan politiet i tillegg til å teikne fantombilder finne informasjon om kva sjukdommar forbrytaren kan ha, eller er disponert for å få. Slik ser ein at når ein har spormateriale frå ein åstad finst det mange moglegheitar til å bruke dette materialet utanom berre framstilling av sporprofilen.

Fråsegner både i NOU 2005: 19 og S and Marper vs Storbritannia antyder at det eksisterer ei frykt i samfunnet for kva arvematerialet vårt kan verte brukt til i framtida.⁵⁴ Johanne Dahl Yttri er innom temaet i artikkelen «It all happened so slowly» - On controlling function creep in forensic DNA-databases». Med function creep eller funksjonsbevegelse vert det meint endringar i, eller tillegg til bruken av ein type teknologi, og særleg overvåkingsteknologi.⁵⁵ Artikkelen er innanfor fagområdet sosiologi. Ho meiner Noreg når det gjeld familiesøking har gått glipp av ein unik moglegheit til å lovregulere eitt område. Dette fordi mange meiner det er for seint å snu når det først har vorte vanleg å nytte ein bestemt teknologi.⁵⁶ Ho peikar dessutan på ordninga me har i Noreg med læra om avskjering av bevis som er innhenta på ulovleg eller utradisjonell måte.⁵⁷ Mangelen på sanksjonar for bruk av DNA på utradisjonell måte samanholdt med denne læra antyder at den tidlegare nevnte bruken av DNA i rettspleia kan verte verkelegheit.

Det er på det reine at registrering av sporprofil er eitt inngrep i retten til privatliv. Bruk av det biologiske materialet til andre føremål lyt då og være eitt inngrep i denne retten, då det er snakk om bruk av svært sensitiv personinformasjon, og personen den tilhører har ingen moglegheit til å samtykkje.

4.5.3 Heimelsspørsmål

Eitt inngrep i retten til privatliv krev heimel i lov, både etter Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8 nr. 2, jamfør tidlegare drøfting. Det lyt være på det reine at fråsegner i forarbeida til ei lov ikkje tilfredsstiller kravet til heimel etter EMK artikkel 8 nr. 2. Ein vanleg borgar vil ikkje ha moglegheit til å setje seg inn i dette. Bevis framstilt på dei nevnte måtar vil likevel kunne brukast i retten, grunna den tidlegare nevnte læra om avskjering av bevis, og mangelen på forbod mot ein slik bruk. I dette avsnittet vil eg difor drøfte kva slags type heimel som bør krevjast for å kunne bruke

⁵⁴ DNA databases» *International Journal of Law, Crime and Justice* 2009 s 92-93

⁵⁵ NOU 2005: 19 s 51 flg og S and Marper vs Storbritannia avsnitt 120

⁵⁶ Johanne Yttri Dahl og Ann Rudinow Sætnan «It all happened so slowly» On controlling function creep in forensic DNA databases» *International Journal of Law, Crime and Justice* 2009 s 83

⁵⁷ Ibid s 93

⁵⁷ Ibid s 95

spormaterialet til andre føremål enn framstilling av ein DNA-profil.

Etter både norsk rett og EMK-retten er det ein generell regel at jo større inngrep, jo større krav kan ein stille til inngrepsheimelen. Å analysere arvemateriale med tanke på å finne personlege eigenskapar må kunne karakteriserast som eitt stort inngrep i den personlege integritet, sjølv når føremålet er å oppklare kriminalitet. Det er noko heilt anna enn å til dømes få teikna ein fantomteikning etter hukommelsen til eitt vitne. Det lyt etter mi meining krevjast ein klårare heimel enn ei fråsegn i forarbeida, og mangel på forbod mot denne bruken.

Analyse av spormaterialet kan og heimlast i strpl. kap. 16. Heimlane her er gamle og generelt utforma. Dei vart ikkje laga med denne type teknologi for auge. For å sikre rettstryggleik og at Noreg etterlever sine positive plikter etter EMK, bør det utformast nye og meir spesifikke heimlar dersom ein tenkjer å utnytte spormaterialet til andre føremål enn framstilling av sporprofil.

Føremålet med registeret er «å bidra til å oppklare kriminalitet ved å legge til rette for sammenligning av DNA-profiler til identifiseringsformål i strafferetspleien», jf politiregisterforskriften § 45-1 (1) andre setning. Når ein ikkje får treff med profilen frå spormaterialet mot identitetsregisteret men heller bruker arvematerialet til å framstille fantombilder for å identifisere gjerningspersonen, befinner ein seg utanfor dette føremålet i og med at ein ikkje lenger berre samanliknar profilar. Dette peikar i retning av at det krevst ein ny lovheimel for nye analyser av spormaterialet.

Til samanlikning har me i Noreg svært strenge reglar for analyser av DNA med tanke på å avdekkje sjukdom (sjå lov 12 mai 2003 nr. 100 om humanmedisinsk bruk av bioteknologi (bioteknologiloven – biotl.) kapittel 5). Det krevst her godkjenning av departementet for kvar enkelt sjukdom, informert samtykke, rettleiing, og ein kan heller ikkje forlange at den råka skal informere slektingar om eventuelle arvelege sjukdommar. Dette peikar i retning av at me lyt ha ei streng lovregulering og for ytterlegare analyse av spormaterialet.

Vidare kan det nevnast at lov 14 april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven – popplyl) § 11 bokstav c) forbyr bruk av personopplysningar til føremål som er uforenlige med føremålet med innsamlinga. Lova kjem imidlertid ikkje til bruk for sakar som vert handsama i medhald av rettspleielovene, jf personopplysningsforskriften § 1-3. Det er likevel eitt godt argument for å ikkje bruke arvematerialet til noko anna enn samanlikning av

profilar utan uttrykkeleg heimel.

Norsk politi har utvist stor kreativitet når det gjeld å skaffe DNA-bevis, og å omgå «skjellig grunn»-kravet i strpl. § 157, eller heimlane for beslaglegging av gjenstandar.⁵⁸ Dette gjeld materiale til framstilling av identitetsprofil, og ikkje sporprofil. Dømet kan likevel nyttast. Politiet har til dømes innkalt ein mann til avhøyr i ei sak. Under avhøyret vart han servert eitt pappkrus med vatn, som seinare vart sendt til undersøking med tanke på å undersøkje DNA-profilen mot ei anna sak. DNA-beviset er her ikkje innhenta i samsvar med lova. Bevis innhenta på denne måten kan avskjerast etter den alminnelege læra om avskjering av bevis innhenta på ulovleg måte. Avskjeringa kjem etter denne læra an på ei konkret interesseavvegning.⁵⁹ Bruk av bevis innhenta på ulovleg måte kan og tillatast etter EMK, dersom rettargongen tilfredsstiller krava til «fair trial» etter EMK art. 6.⁶⁰ Strandbakken seier i sin artikkel at «Dersom politiet mener at man har behov for å innhente bevis på annen måte enn det som man kan i dag, bør dette kanaliseres til den lovgivende myndighet», mellom anna av omsyn til tilliten til politiet. Eg meiner dette og bør gjerast i høve til bruk av spormateriale til andre føremål enn samanlikning av profilar. Kreativiteten som vert utvist når det gjeld innhenting av DNA til framstilling av profil kan tyde på at politiet og er villige til å gå lenger enn i dag med analyse av spormateriale dersom teknologien vert tilgjengeleg.

I Rt. 2006 s. 90 avviste Högsterett påtalemakta si begjæring om utlevering av biologisk materiale frå Stavanger Universitetssjukehus frå ein av dei mistenkte i samband med NOKAS-saka.

Vedkommande døydde av kreft, og prøvane var tekne i den samanheng. Saka er annleis enn vår problemstilling, men likevel eitt argument i retning av å krevje uttrykkeleg heimel når ein skal bruke spormaterialet til andre føremål enn det opprinnlege. Högsterett uttalte at personvernomsyn lyt stå sterkt når det gjeld bruk av ein person sitt arvemateriale.

Etter dette lyt det være klart at det trengs formell heimel i lov for å kunne bruke spormaterialet til andre føremål enn framstilling av sporprofil for at Noreg skal etterleve sine plikter etter Grunnlova og EMK. Sjølv om lovkravet er oppfylt kan inngrepet framleis være uforholdsmessig. Dette vert drøfta i punkt 4.5.4.

4.5.4 Føremåls og forholdsmessigheitsvurdering

Føremålet med desse eventuelle nye bruksområda til spormaterialet er framleis oppklaring og

⁵⁸ Asbjørn Strandbakken «Innhenting av DNA-bevis – helliger målet ethvert middel?» i *Jurist uden omsvøb: festschrift til Gorm Toftegaard Nielsen* Annette Møller-Sørensen og Anette Storgaard København 2007 s 340

⁵⁹ Ibid s 349

⁶⁰ Ibid s 350

«prevention of crime», jf EMK art. 8 nr. 2. Slik er altså føremålskravet oppfylt.

Oppklaring av kriminalitet er eitt tungtvegande føremål. Når det gjeld kriminalitet har ein imidlertid gradar av alvorlegheit. Det er vanskeleg å tenkje seg at ein skal kunne oppklare mindre alvorleg kriminalitet ved hjelp av tidlegare nevnte metodar. Det vil då ikkje ligge føre forholdsmessigheit mellom mål og middel. Dersom det gjeld svært alvorleg kriminalitet som til dømes drap valdtek og grove ran kan saka stille seg annleis. Dersom eitt biologisk spor her er einaste ledetråd kan det være forholdsmessig å bruke spormaterialet til noko meir enn framstilling av DNA-profil. Kva analyser som skal kunne gjerast, og kva alvorlegheitsgrad som vert krevd bør imidlertid være nøye lovregulert. Muligens bør og adgangen til å gjere dette kunne bestemmast av domsstolane på same måte som skjult kommunikasjonskontroll etter strpl. Kap. 16a, eller liknande, for å unngå misbruk. Dessutan bør eventuelle overtramp sanksjonerast.

Konklusjonen vert at bruk av spormateriale til andre føremål enn framstilling av sporprofil kan være føremåls og forholdsmessig etter Grl. § 102 og EMK artikkel 8 nr. 2.

4.6 Konklusjonar

Etter drøftingane i dei ulike delane av punkt 4, er det på det reine at lagring av sporprofilar i sporregisteret i utgongspunktet ikkje er eit brot på retten til privatliv ut frå dei reglane me har i lov og forskrift i dag. Rutinane rundt åstadsundersøkingar bør imidlertid forbetrast for å forhindre at profilane til uskuldige havnar i sporregisteret. Dessutan bør bruk av spormateriale til andre føremål enn framstilling av sporprofil lovfestast, for å unngå ikkje-legitimerte inngrep i retten til privatliv.

5.0 Retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering

5.1 Innleiing

Den nye Grunnlova § 98 har fått ein ordlyd som følgjer:

«Alle er like for lova.

Ikkje noko menneske må utsetjast for usakleg eller mishøveleg forskjellhandsaming.»

Sjølv før Grunnlovsfestinga var likskapsprinsippet djupt forankra i den norske rettsstaten.⁶¹

Prinsippet om likskap er eitt forvaltningsrettsleg grunnprinsipp, og dermed og eitt prinsipp som gjeld utøving av politi og påtalemakt, som er aktuelt å drøfte her. I forlenginga av prinsippet om likehandsaming kan ein stille opp eitt alminneleg forbod mot diskriminering.⁶² Enkelt sagt inneber prinsippet om likskap at like tilfelle skal handsamast likt. Det treng ikkje være noko i vegen med ei avgjerd om ein ser på den isolert sett. Det er når ein samanliknar med andre avgjelder ein ser at det har skjedd forskjellhandsaming. Forskjellhandsaming kan likevel ofte være tillete. Det kan gjerast forskjell når dette er sakleg ut frå lovas føremål. Det kan dessutan ofte være grunn til å handsame ulike grupper forskjellig for å unngå diskriminering.⁶³

Ifølge tradisjonell lære gjeld likehandsamingsprinsippet berre for resultatet av ei myndighetshandling og ikkje måten den vert gjennomført på. Innanfor politiretten taler imidlertid omsynet til rimelegheit og rettferd for at prinsippet som hovudregel og bør omfatte politiets metodeval ved sjølve effektueringa.⁶⁴ I teori og praksis har ein delt vurderinga av om diskriminering ligg føre i tre: Ligg det føre forskjellhandsaming, er den eine (som meiner seg diskriminert) i ein analog situasjon med den andre (som vert meint favorisert) og – dersom ja; ligg det føre ein objektiv og rimeleg (forholdsmessig) grunn til forskjellhandsaminga.⁶⁵

Meininga med grunnlovsfestinga av likskapsprinsippet og forbodet mot diskriminering var ikkje å endre dagens rettstilstand, men å synleggjere og framheve at det norske rettssystemet er bygd på prinsippet om at alle er like for lova. Det vil og synleggjere og framheve eitt av rettsstatens fundamentale element.⁶⁶ Grunnlovsføresegna er meint meir som eitt tolkingsprinsipp for

⁶¹ Dok. nr. 16 (2011-2012) Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven s 143-144

⁶² Ragnar L. Auglend, Henry John Mæland og Knut Røsandhaug *Politirett*, 2 utg, Oslo 2004 s 419

⁶³ Torstein Eckhoff og Eivind Smith *Forvaltningsrett*, 9 utg, Oslo 2010 s 422

⁶⁴ Ragnar L. Auglend, Henry John Mæland og Knut Røsandhaug *Politirett*, 2 utg, Oslo 2004 s 419

⁶⁵ Jørgen Aall *Rettsstat og menneskerettigheter*, 3 utg, Bergen 2011 s 64

⁶⁶ Dok nr. 16 (2011-2012) Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven s 143-144

rettsbrukarar enn som ei skranke for lovgjevar.⁶⁷ Det finst ikkje noko prejudikat frå Högsterett rundt tolkinga av denne nye grunnlovsføresegna. Etter retningslinjene i Rt. 2015 s. 93, skal føresegna i Grl. § 102 tolkast i lys av dei internasjonale føreseggnene. Det vert difor lagt til grunn at dette og gjeld Grl. § 98. I og med at meinингa med grunnlovsfestinga ikkje å endre dagens rettstilstand, kan ein rekne med eldre praksis.

Fyrst vil eg raskt gjennomgå dei internasjonale føreseggnene som kan ha betyding for tolkinga av Grunnlova § 98. EMK art. 14 er ein artikkel som forbyr diskriminering av dei øvrige konvensjonsrettar. Føresegna slår fast at menneskerettane skal utøvast og praktiserast utan noko form for diskriminering. For at diskriminering skal være ei krenkjing av EMK art. 14, lyt den innebere eitt inngrep i (men ikkje naudsyntvis ei krenkjing av) ein rett som vert beskytta av ein av dei øvrige føreseggnene i EMK.⁶⁸ I denne samanheng lyt det nevnast ei anna konvensjonsføresegna som og er gjort til norsk lov gjennom menneskerettslova § 2. Dette er Den internasjonale konvensjonen om sosiale og politiske rettigheter (SP) artikkel 26. Denne føresegna er prinsipielt ulik frå og meir vidtrekkjande enn EMK art. 14.

Føresegna slår nemlig fast at alle er like for lova, og at alle utan vidare har rett til lik beskyttelse av lova, og ordlyden ligg derfor nærmere Grl. § 98. Den 12 tilleggsprotokoll til EMK har ei liknande føresegna, men denne er ikkje trådt i kraft for Noreg, og det er usikkert om den kjem til å gjere det. Likskapskravet etter SP art. 26 rettar seg dermed ikkje berre mot området for dei øvrige konvensjonsrettar. Dette har likevel ikkje så stor betydning. EMD tolkar nemlig dei øvrige konvensjonsrettane svært vidt, og dette har ført til ei utviding av området for EMK art. 14. Dessutan har praksis slått fast at det er tilstrekkeleg å slå fast at ein er på området for ein av dei øvrige rettane, og dermed vert bruken av diskrimineringsforbodet vid.⁶⁹ Lagring av sporprofilar er eitt som tidlegare fastslått eitt inngrep i retten til privatliv, og det kan då drøftast om lagring og representerer diskriminering eller usakleg forskjellshandsaming i høve til retten til privatliv. Dei gjennomgåtte prinsipp og føresegner lyt nyttast i vurderinga av om registrering i sporregisteret er eitt inngrep i retten til likehandsaming.

Det første som vert drøfta under punkt 5.2 er om lagring av profilar frå den skuldige er eitt inngrep i retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering. Dette er såleis ei drøfting av om den norske lovgjevinga utgjer eitt inngrep i retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering, altså «law

⁶⁷ Innst. 186 S (2013-2014) s 25

⁶⁸ Dok. nr. 16 (2011-2012) Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven s 141

⁶⁹ Jørgen Aall *Rettsstat og menneskerettigheter*, 3 utg, Bergen 2011 s 70-71

in books».

Drøftingane under punkt 5.3 og 5.4 omhandlar begge «law in action» og det vert brukt resultat frå den tidlegare omtala evalueringa av DNA-reformen. I punkt 5.3 vil det verte drøfta om ulike rutinar for åstadsundersøkingar, og dermed lagring av sporprofilar, blant politidistrikta utgjer usakleg forskjellshandsaming. I punkt 5.4 vil det verte drøfta om mangelen på innsending av referanseprøvar utgjer eitt inngrep i retten til likehandsaming.

5.2 Law in books: Er lagring av profilar frå den skuldige eitt inngrep i retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering?

Spørsmålet i denne drøftinga er om lagring av sporprofilar frå skuldige personar i seg sjølv er eitt inngrep i retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering.

Krenkjing av EMK art. 14 når det gjeld lagring av DNA-profiler (identitetsprofilar), har vore ført fram for EMD tre gonger, i dei tre tidlegare nevnte sakane. I S and Marper mot Storbritannia kom retten til at sidan klagarane vann fram med brot på artikkel 8, var det ikkje naudsynt å drøfte eitt eventuelt inngrep i art. 14. I W mot Nederland var nasjonale rettsmiddel ikkje uttømt i høve til dette spørsmålet, og denne delen av saka vart dermed ikkje drøfta av retten. I van der Welden slo retten raskt fast at klagaren ikkje hadde vorte handsama annleis enn andre i analoge situasjonar (det vil seie kriminelle som var domfelt og hadde fått sin DNA-profil lagra i det nasjonale DNA-registeret).⁷⁰ Ingen av sakane gjer dermed rettleiing for det aktuelle spørsmålet.

Det første me lyt avgjere, er kva type analoge tilfelle som ligg føre. Det er menneske som har gjort seg skuldige i brotsverk. Nokre av desse vil få profilen sin lagra i sporregisteret, nokre ikkje. Dette har imidlertid ei naturleg forklaring. Om ein vert lagra eller ikkje, kjem i stor grad an på tilfeldighetar. I første omgang vil det være heilt avgjerande om vedkommande har lagt igjen biologiske spor eller ikkje. Deretter lyt dette sporet verte funne av åstadsgranskurar. Etter dette lyt det være mogleg å framstille ein sporprofil som tilfredsstiller krava til lagring i sporregisteret. Dermed kan det i utgongspunktet vanskeleg konstaterast usakleg forskjellshandsaming eller diskriminering. Det kan likevel oppstå to situasjonar der det retten til likehandsaming/vernet mot diskriminering kan verte krenkja. Desse vil verte drøfta under.

⁷⁰ Sjå note 12

Konklusjonen vert at lagring av profilar i sporregisteret ikkje er usakleg forskjellshandsaming eller diskriminering.

5.3 Law in action: Åstadsundersøkinga i eitt likehandsamingsperspektiv

Spørsmålet i denne drøftinga er om ulike rutiner rundt åstadsundersøkingar mellom politidistrikta medfører usakleg forskjellshandsaming når det gjeld lagring av sporprofilar.

Undersøkinga «Fra spor til dom» viser nemlig at det er stort frafall av sakar frå og med anmeldelse til innsending av prøvemateriale til Folkehelseinstituttet når det gjeld vinningsbrotsverk. Frafall skjer i hovudsak i tre ulike grupper. For det første lyt det avgjerast om ein åstad skal undersøkjast eller ikkje. Deretter om det vert sikra spor eller ikkje. For det tredje kjem det an på om sporprøven i det heile tatt vert sendt inn analyse. Det var frå analysen ikkje mogleg å sjå kor frafallet i hovudsak skjedde. Det finst heller ikkje noko oversikt over kor mange åstadar som vert undersøkte av dei anmeldte brotsverka.⁷¹

Samla sett viste imidlertid resultata at det berre vart sendt inn anmodning om DNA-undersøking i 4% av dei vinningsbrotsverka som vart undersøkte. Med andre ord vart det ikkje sendt inn anmodning i 96 % av sakane.⁷² I dei sakane der det vert sendt inn anmodning om DNA-analyse, er oppklaringsprosenten høgare enn i dei sakane der det ikkje vart inn biologiske spor til undersøking.⁷³ I den kvalitative delen av analysen var informantane spurt om i kor stor grad deira politidistrikt gjorde åstadsundersøkingar. Dei fleste anslo at rundt 70% av åstadar vart undersøkte. Når det gjaldt årsakar til at nokre åstadar ikkje vart undersøkte, var det særleg tre svar som utmerka seg:⁷⁴

1. Ei rekkje informantar fortalte at dei handsama villainnbrot annleis enn innbrot i leilighet, mellom anna grunna bebuargrupsene (sosialbustadar, studenthyblar og liknande)
2. Sikring av DNA-spor hadde ikkje særleg høg status blant dei som gjer operativt politiarbeid. Lite tilbakemeldingar om treff og liknande gjorde og motivasjonen låg. Informantane innrømte at innstillinga hadde mykje å seie for om det vart sikra biologiske spor eller ikkje.
3. Fekk stadig tilbakemeldingar om sprengt kapasitet også vidare, og ynskjer difor ikkje å dra opp mykje sakar for etterforskarane.⁷⁵

⁷¹ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» *Politihøgskolen Forskning* 2013: 2 s 47

⁷² Ibid s 37

⁷³ Ibid s 40

⁷⁴ Ibid s 47

⁷⁵ Ibid s 50

Politidistrikta har ulike retningslinjer og praksis når det gjeld åstadsundersøkingar. Mange politidistrikkt har til dømes retningslinjer som tilseier at alle grove tjuveri frå villa skal åstadsundersøkjast.⁷⁶ Evalueringa viste og skilnadar i hyppigheten av innsending av biologiske spor mellom politidistrikta.⁷⁷ Resultata antyder såleis at sannsynet for å verte registrert i sporregisteret varierer alt etter kva politidistrikkt ein befinner seg i. Spørsmålet vert dermed om dette representerer eitt inngrep i retten til likehandsaming/vernet mot diskriminering. Etter praksis frå EMD kan diskriminering eller usakleg forskjellshandsaming ligge føre sjølv om myndigheitene ikkje har hatt til hensikt å foreta ei usakleg forskjellshandsaming.

Den praktiske bruken av likehandsamingsprinsippet i politioperativ samanheng kan være vanskeleg, grunna politiet sin spesielle arbeidssituasjon. Om det skal gripast inn, og på kva måte, vert som oftast avgjort på bakgrunn av skjønn. I den konkrete vurderinga vil ein måtte tillegge forholda på staden stor vekt. I røynda finst det sjeldan to situasjonar med tilnærma like faktiske føresetnadnar. Både instruksar og betre opplæring vil difor ha mindre betydning.⁷⁸

Dette viser dømet med åstadsundersøkingar. Politimennene i undersøkinga brukte skjønn ved avgjerda av om ein åstad skulle undersøkjast, alt ettersom det ville være hensiktsmessig med tanke på type bustad og kor mange som gjekk inn og ut. Som tidlegare nevnt er det og ofte generalistane som gjer åstadsundersøkingar, og desse risikerer ofte å verte avbrutt av at dei lyt dra og ta seg av andre og meir presserande eller alvorlege sakar. Dette peikar i retning av at forskjellshandsaminga ikkje er usakleg.

På ei anna side er likehandsamingsprinsippet bindande og skal brukast og følgast så langt det er mogleg i tenesta. Realistisk sett vil nok dei faktiske moglegheitane for å konstatere og påtale brot på prinsippet være avgrensa til meir openberre tilfelle av usakleg forskjellshandsaming.⁷⁹

Dette viser Rt.2007 s.1765. Ein mann meinte seg diskriminert av politiet på rasemessig grunnlag. Fem menn hadde vore i slagsmål, og politiet hadde pågripe klagaren og hans bror som var av somalisk opprinnelse og utsett dei for strafforfølging. Årsaka til dette var imidlertid at desse to

⁷⁶ Johanne Yttri Dahl og Heidi Mork Lomell «Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen» *Politihøgskolen Forskning* 2013: 2 s 34

⁷⁷ Ibid s 39-41, tabell 2.3.1 og 2.3.2.

⁷⁸ Ragnar L. Auglend, Henry John Mæland og Knut Røsandhaug *Politirett*, 2 utg, Oslo 2004 s 419

⁷⁹ Politilovutkastet 1991, Del IV, s 147-148 og Ot.prp. nr. 22, s 18 i Ragnar L. Auglend, Henry John Mæland og Knut Røsandhaug *Politirett*, 2 utg, Oslo 2004 s 419

hadde vore mest aktive i ordensforstyrringa. To andre somaliarar vart bortvist frå staden, og ein etnisk norsk mann vart ikkje utsett for politimessige tiltak. Høgsterett kunne ikkje i dette tilfellet sjå at politimessige skjønnet som vart utvist hadde karakter av diskriminering (avsnitt 29). Saka illustrerer den spesielle og pressa arbeidssituasjonen til politiet. Dei lyt utvise skjønn ut i frå dei faktiske føresetnadane på staden. Dette kan overførast til tilfellet med åstadsundersøkingar og peikar i retning av at rutinane rundt åstadsundersøking ikkje representerer usakleg forskjellshandsaming.

I tillegg til det ovanfor nevnte byggjer utøving av politi og påtalemakt i Noreg på opportunitetsprinsippet. Dette inneber at politi og påtalemakta sjølv avgjer om og på kva måte tenestehandlinga skal utførast når dei rettslege føresetnadane er oppfylt. Dermed ligg det ikkje føre noko absolutt påtaleplikt, sjølv om straffbarheitsvilkåra for øvrig er til stades. Adgangen til å gje påtaleunnlating er døme på dette, jf strpl. §§ 69 og 70. Politiet pliktar heller ikkje å etterforske alle anmeldelser. Dette følgjer etter føresetnadane av strpl. § 224 og påtaleinstruksen §§ 7-4 og 7-5.⁸⁰ I utgongspunktet pliktar politiet likevel å ta imot alle anmeldelsar.⁸¹ Politiet sin adgang til å gjere opp sakar på staden, til dømes med ein varsel (såkalla OPS-sakar) er ei følgje av opportunitetsprinsippet. Dette viser at politiet kan velje å ikkje åstadsundersøkje sjølv om det er kome inn ei anmeldelse for innbrot, og er eitt sterkt argument imot at det ligg føre usakleg forskjellshandsaming.

Politiet i Noreg er pålagt mange oppgåver. Desse er ein nøydd til å prioritere mellom. Korleis ein prioriterer kjem an på ulike faktorar. Når det gjeld straffesakar, er det Riksadvokaten som sender ut rundskriv om korleis ein skal prioritere mellom desse. Som tidlegare nevnt vert det og lokalt fastsett retningslinjer for prioriteringar.

Innanfor politiet har det dessutan utvikla seg generelle normer for utvelging og prioritering av sakar og tenesteoppdrag. Normene skal sikre ei rettferdig, nyttig og lojal polititeneste, der blant anna lovmotiv, stortingsvedtak og fråsegner og beslutningar frå overordna mynde vil være sentrale vurderingskriterier.⁸²

Slik ser ein at det vanskeleg kan konstaterast inngrep i retten til likehandsaming, sjølv om antallet innsendte biologiske spor varierer mellom politidistrikt. Politiet er i ein spesiell arbeidssituasjon,

⁸⁰ Ragnar L. Auglend, Henry John Mæland og Knut Røsandhaug *Politirett*, 2 utg, Oslo 2004 s 422

⁸¹ Ibid s 423

⁸² Ibid s 424

med avgrensa ressursar og det er uungåeleg at det må prioriterast. Det vil være umogleg å forlange at det til dømes skal sikrast DNA-spor ved alle vinningsbrotsverk. Både fordi det ikkje er hensiktsmessig ut frå forholda på staden, og fordi det lyt prioriterast mellom oppgåvene. Dette er politiet på staden som lyt vurdere. Sjølv om analysen tyder på at opplæring i sporsikring kan verte betre, kan dette ikkje kvalifisere til usakleg forskjellshandsaming. Konklusjonen vert dermed at rutinene rundt åstadsundersøkingar ikkje inneber eitt inngrep i retten til likehandsaming/vernet mot diskriminering.

5.4 Referanseprøvar: Er staten si sikringsplikt oppfylt når det gjeld å hindre usakleg forskjellshandsaming og diskriminering?

Spørsmålet i denne drøftinga er om mangelen på innsending av referanseprøvar utgjer eitt inngrep i retten til likehandsaming og vernet mot diskriminering, i og med at uskuldige dermed risikerer å verte handsama som skuldige.

Som tidlegare nevnt vert det berre sendt inn referanseprøvar i 10% av sakane som vart undersøkt. Det er på det reine at dette er eitt inngrep i retten til privatliv. Dersom ein er fornærma eller vitne står ein i fare for å få retten til privatliv krenka. Ein vert og handsama som å ha tilknyting til den saka, og ikkje som uskuldig. Slik kan dette kvalifisere både til brot på EMK art. 14 og den meir vidtrekkjande Grunnlova og SP. Spørsmålet vert om det er usakleg forskjellshandsaming at uskuldige vert lagra i sporregisteret og dermed får sitt privatliv krenkja.

Ved første augnekast ser dette ut som ei svært liknande problemstilling som den forrige. Det er imidlertid ein vesentleg skilnad. Når det gjeld lagring av profilar frå uskuldige er hindringa for därleg opplæring og for därlege rutinar. Når det gjeld åstadsundersøkingar er hindringa prioriteringar av ressursar og vurderingar av om det er føremålstenleg. Når politiet heller ikkje sender inn referanseprøvar etter anbefaling frå Folkehelseinsituttet kan ein og mistenke at dette rett og slett ikkje vert prioritert, men denne prioriteringa må seiast å være feil.

Drøfting av opplæring og rutiner under dette spørsmålet finst under punkt 4.5.1, det same gjør seg gjeldande i dette punktet.

Det kan både argumenterast for at dette er eitt diskriminering og brudd på kravet om likestilling for lova.

Kriteriet for lagring i sporregisteret er at profilen «antas å ha tilknytning til» den straffbare handlinga, jf politieREGISTERloven § 12 (4). Ordlyden antyder eitt lavt nivå at sannsyn for at profilen er tilknytt den straffbare handlinga. Dette er hensiktsmessig, som tidlegare drøfta vil det være heilt umogleg å slå fast at eitt biologisk spor stammar frå gjerningsmannen berre ved å sjå på det.

Likevel, for å unngå situasjonen at uskuldige havnar i sporregisterer vert det oppfordra til innsending av referanseprøvar, jf politiREGISTERforskriften § 45-10.

Her kan ein sjå at staten ikkje oppfyller si positive sikreplikt ved å ikkje sørge for opplæring og tilretteleggjing for at forskrifa skal etterfølgjast.

Som nevnt under retten til privatliv drøftinga vil det være nærmast umogleg å praktisere eitt sporregister der det aldri vert lagra uskuldige. Eitt minstekrav bør likevel være innsending av referanseprøvar. Når opplæringa i dette tydelegvis er for dårlig, ligg det i utgongspunktet føre usakleg forskjellshandsaming, sjølv om ein ikkje har dette til hensikt.

Uskuldige som ikkje har noko legitimert årsak til å få sitt privatliv krenkja vert handsama som kriminelle som har ei årsak til å få sitt privatliv krenkja.

Likevel, ut frå resultata i undersøkinga er det vanskeleg å gje ein bastant konklusjon om at staten si sikreplikt ikkje er oppfylt.

Konklusjonen bør likevel være at rutinane rundt åstadsundersøkingar bør gjennomgås og forbetrast, både for å hindre brot på menneskerettane og for å ivareta tilliten til DNA som etterforskningsverkty.

5.5 Konklusjonar

Resultata frå drøftinga under punkt viser at i utgongspunktet er ikkje lagring av sporprofilar eitt inngrep i retten til likehandsaming eller vernet mot diskriminering. Rutinane rundt åstadsundersøkingar utgjer heller ikkje usakleg forskjellshandsaming, grunna prioriteringa og hensiktsmessighetsvurderingar og opportunitetsprinsippet. Det er vanskeleg å slå fast at mangelen på innsending av referanseprøvar utgjer usakleg forskjellshandsaming eller diskriminering, men det er på det reine at rutinane rundt innsending av denne typen prøvar bør forbetrast.

6.0 Avsluttande merknadar

Etter drøftinga i denne oppgåva viser det seg at dei norske reglane rundt lagring i sporregisteret ikkje står i eitt konfliktfylt forhold til menneskerettane retten til privatliv og retten til likehandsaming. Oppfølginga av reglane i praksis «law in action» er imidlertid mangelfull, og kan føre til bort på både retten til privatliv, og retten til likehandsaming. Bruken av spormateriale til andre føremål enn framstilling av sporprofil oppfyller heller ikkje heimelskravet som følgjer av både Grl. § 102 og EMK artikkel 8 nr. 2.

Litteraturliste

Bøker

Aall, Jørgen *Rettsstat og menneskerettigheter*, 3 utg, (Bergen 2011)

Aarli, Ragna, *DNA-bevis - Rettsmedisinsk sakkyndighet ved bruk av DNA-sakkyndighet i kampen mot kriminalitet* (Oslo 2011)

Andenæs, Johs., *Alminnelig strafferett*, 4 utg, (Oslo 1997)

Andenæs, Johs. og Tor-Geir Myhrer, *Norsk straffeprosess*, 4 utg, (Oslo 2009)

Auglend, Ragnar L., Henry John Mæland og Knut Røsandhaug *Politirett*, 2 utg, (Oslo 2004)

Eckhoff, Torstein og Eivind Smith *Forvaltningsrett*, 9 utg, (Oslo 2010)

Kjønstad, Asbjørn og Aslak Syse *Velferdsrett I* 4 utg, Oslo 2008

Artiklar

Aarli, Ragna «Gjenåpning og DNA» *Tidsskrift for strafferett* 2011-4 s 343-348

Campbell, Liz «A rights-based analysis of DNA-retention: «Non-conviction» databases and the liberal state» *Criminal Law Review* 2010: 12 s 889-905

Dahl, Johanne Yttri *DNA – det sikreste av det sikre eller...? En sosiologisk studie av usikkerheter knyttet til bruk av DNA i strafferettspleien* Doktoravhandlinger ved NTNU 2009:211

Dahl, Johanne Yttri og Ann Rudinow Sætnan «It all happened so slowly» On controlling function creep in forensic DNA databases» *International Journal of Law, Crime and Justice* 2009 s 83-103

Dahl, Johanne Yttri og Heidi Mork Lomell «*Fra spor til dom – en evaluering av DNA-reformen*» *Politihøgskolen Forskning* 2013: 2

Strandbakken, Asbjørn «DNA-lovgivningen i støpeskjene – eller. Om å innføre svenske tilstander i Norge» i *Josefs resa: Vänbok til Josef Zila*, Uppsala 2007 s 195-209

Strandbakken, Asbjørn «Innhenting av DNA-bevis – helliger målet ethvert middel?» i *Jurist uden omsvøb: festschrift til Gorm Toftegaard Nielsen* Annette Møller-Sørensen og Anette Storgaard København 2007 s 337-354

Offentlege dokument

Riksadvokatens rundskriv av 15 august 2008 Nye retningslinjer for registrering i DNA-registeret og innsamling av spor med sikte på DNA-analyse mv, RA-2007-579

Riksadvokatens rundskriv av 17 oktober 2013 Retningslinjer for registrering i DNA identitetsregisteret, RA-2012-2261

NOU 1993: 31 DNA-analyser i straffesaker

NOU 2005: 19 Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien

Ot.prp.nr.19 (2006-2007) Om lov om endringer i straffeprosessloven (utvidelse av DNA-registeret)

Ot.prp.nr. 108 (2008-2009) Om lov om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten

Dok.nr. 16 (2011-2012) *Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven*

Innst. 186 S (2013-2014)

Bioteknologinemnda: *Rettsmedisinsk bruk av DNA-analyser, Temahefte 2001*